



ULVIK HERAD




Årsmelding 2016

INNHALDSLISTE

Politisk og administrativ organisering	s. 3
Tilbakeblikk på 2016 – slik rådmannen ser det	s. 4
Økonomisk status	s. 5
Personale og organisasjon	s. 10
Administrasjon, styring, kultur og samfunnsutvikling	s. 11
Oppvekst	s. 16
Helse- og omsorg	s. 23
Teknisk drift og vedlikehold	s. 29
Heradsstyresaker 2016	s. 35

POLITISK OG ADMINISTRATIV ORGANISERING

<p>Heradsstyret fram til 14.10.2015</p> <p>Venstre (6): Torbjørg Austrud, Oddmund Jordal, Sigrun Uppheim, Ingrid Sponheim, Solveig H. Uppheim og Jostein Thorsen.</p> <p>Arbeiderpartiet (3): Hans P. Thorbjørnsen, Kjartan Fjelde og Ingrid Prestegard.</p> <p>Senterpartiet (3): Jens O. Holven, Eva K. Dahl og Knut Nes.</p> <p>Høgre (3): Stig Røkenes, Bjarne Øydvin og Magrete Øydvin.</p> <p>Sosialistisk Venstreparti (2): Guro Ljone og Bård Fleten.</p>	<p>Heradsstyret frå 14.10.2015</p> <p>Venstre (4): Håkon Gjerde, Oddmund Jordal, Ingrid Sponheim og Anders Kr. Oppheim.</p> <p>Arbeiderpartiet (5): Hans P. Thorbjørnsen, Ingrid Prestegard, Alf G. Sortland, Ronny Lunestad og Jorid Løvtangen.</p> <p>Senterpartiet (4): Jens O. Holven, Eva K. Dahl, Ingvild B. Sygnestveit og Jon O. Heggseth.</p> <p>Høgre (2): Stig Røkenes og Magrete Øydvin.</p> <p>Sosialistisk Venstreparti (2): Guro Ljone og Hanne Li.</p>
<p>Formannskapet fram til 14.10.2015</p> <p>Hans P. Thorbjørnsen (AP), Stig Røkenes (H), Jens O. Holven (SP), Torbjørg Austrud (V) og Oddmund Jordal (V)</p>	<p>Formannskapet frå 14.10.2015</p> <p>Hans P. Thorbjørnsen (AP), Stig Røkenes (H), Jens O. Holven (SP), Håkon Gjerde (V) og Guro Ljone (SV)</p>



TILBAKEBLIKK PÅ 2016 – SLIK RÅDMANNEN SER DET

I ei oppsummering av aktiviteten for 2016 er det vanleg å trekkje fram større saker som heradet har jobba med. Og i 2016 er dette fleire viktige saker. Arbeidet med den nasjonale kommunereforma vart avslutta frå kommunen si side med eit positivt vedtak om å slå seg saman med ein eller fleire av kommunane Granvin, Eidfjord og Ullensvang i juni 2016. Folkerøytinga før den endelege heradsstyrehandsaminga gav eit fleirtal i folket som sa JA til å slå seg saman. Resultatet av den frivillige samanslåingsprosessen vart likevel at Ulvik vert ståande åleine som kommune, då Eidfjord og sa nei til samanslåing. Ulvik vert etter dette ein såkalla ufrivillig liten kommune. Stortinget tek endeleg avgjerd om kommunereforma i juni 2017.

I september 2016 vart fleirbrukshallen opna, og aktiviteten har vore formidabel heilt sidan hallen vart tilgjengeleg for brukarane. Ein mykje omtala fleirbrukshall er no endeleg ferdig til stor glede for store og små. Gratulerer med ny fleirbrukshall!

Også i året som gjekk busette heradet flyktningar. Så seint som i desember kom det nye innbyggjarar til bygda, og me kan vera stolte av å ha teke imot 28 syrarar sidan me starta i 2014. I 2016 fekk også dei nye innbyggjarane eit nytt introduksjonsprogram lokalt i bygda på Hjeltnes vidaregåande skule. Det at dette no er lokalisert i bygda lettar gjennomføringa av undervisninga for denne målgruppa.

Heradsstyret vedtok i desember 2016 å byggja ny sjukeheim, etter at ein politisk komité la fram si tilråding overfor heradsstyret. Prisen er estimert til 110 MNOK, og det er eit betydeleg økonomisk løft for kommunen. Det er estimert eit låneopptak på ca. 50 MNOK, om alle prognosar held. Investeringa vil føra til konsekvensar for drifta i framtida. Ein tek sikte på byggjestart i 2018.

Som ein konsekvens av dette vedtok heradsstyret ein «sparekatalog» for økonomiplanperioden 2017-2020. Rådmannen sitt framlegg til innsparing i perioden vart noko moderert i budsjettvedtaket i desember (frå ca. 10 MNOK til ca. 7 MNOK). Meir enn 10 årsverk vert tekne bort i perioden, noko som inneber ei omstilling frå dagens utgiftsnivå.

I 2016 starta også arbeidet med nytt fortau langs Tyssevikvegen. Arbeidet har vore omtala i fleire ti-år, og det er gledeleg at arbeidet no er kome i gang. Arbeidet skal vera ferdig 12.mai 2017.

Eg vil nytte høvet til å takke alle medarbeidarar og folkevalde for godt samarbeid og framifrå utført arbeid i 2016. Det er mange små og store tiltak som til sist gjer Ulvik til ein god stad å bu.

Reidar Meel
-konstituert rådmann-

ØKONOMISK STATUS.

Økonomiske hovedtrekk frå drifta dei siste tre åra				
	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Auke
	2016	2015	2014	2015-2016
Driftsinntekter:				
Driftsinntekter og refusjonar	28 303 252,40	27 163 073,91	23 343 786,70	4,03 %
Rammeilskot og statstilskot	60 387 290,92	60 242 668,73	59 033 820,40	0,24 %
Skatt på inntekt og formue	34 173 547,08	32 883 354,75	32 828 428,60	3,78 %
Eigedomsskatt	9 269 236,00	10 570 911,00	10 528 625,00	-14,04 %
Andre direkte og indirekte skattar	5 906 304,00	5 485 870,00	5 485 870,00	7,12 %
SUM DRIFTSINTEKTER	138 039 630,40	136 345 878,39	131 220 530,70	1,23 %
Driftsutgifter:				
Lønsutgifter	88 618 004,64	85 950 031,91	83 346 142,84	3,01 %
Kjøp av varer og tenester	32 561 521,75	29 659 092,18	28 402 514,61	8,91 %
Overføringar, avskrivningar og fordelte utgifter	22 660 834,32	21 098 867,56	22 869 758,42	6,89 %
SUM DRIFTSUTGIFTER	143 840 360,71	136 707 991,65	134 618 415,87	4,96 %
Brutto driftsresultat	-5 800 730,31	-362 113,26	-3 397 885,17	93,76 %
Finansinntekter:				
Renteinntekter og utbytte	2 378 080,52	2 356 443,66	2 682 521,67	0,91 %
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	910 328,32	218 698,00	1 130 146,00	75,98 %
Mottatte avdrag på utlån	122 730,13	144 702,50	184 900,44	-17,90 %
SUM EKSTERNE FINANSINTEKTER	3 411 138,97	2 719 844,16	3 997 568,11	20,27 %
Finansutgifter				
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	1 791 036,11	1 012 021,42	1 254 746,25	43,50 %
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)				
Avdragsutgifter	4 303 425,00	2 455 720,00	2 455 720,00	42,94 %
Utlån	47 457,75	9 300,00	10 000,00	80,40 %
SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER	6 141 918,86	3 477 041,42	3 720 466,25	43,39 %
RESULTAT EKSTERNE FINANSTRANS.	-2 730 779,89	-757 197,26	277 101,86	72,27 %
Motpost avskrivningar	5 866 597,03	5 335 228,37	5 176 128,60	9,06 %
NETTO DRIFTSRESULTAT	-2 664 913,17	4 215 917,85	2 055 345,29	

Driftsinntektene:

Rammeoverføringane held seg på same nivået som 2015. Skatteinntektene har ein auke på 3,78% medan det er ein auke i driftsinntektene til heradet på 4,03% , tek me høgde for den generelle prisstigninga frå 2015 til 2016 på 3,6 % så har ikkje inntektene til heradet auka noko.

Driftsutgiftene:

Samla så steig driftsutgiftene med 4,96% samanlikna med 2015. Lønsutgiftene steig med 3,01% samanlikna med 2015 mot 3,03% året før. Dette er noko høgare enn den generelle lønsauken i 2016, men utifrå dei utfordringane som har vore i nokon einingar kan ein seie at lønskostnadane har vore stabile. Kjøp av varer og tenester har gått opp med 8,91% samanlikna med 2015, dette er ein auke frå året før då auken var på 4,24%. Noko av grunnen til dette er vedlikehaldet av leilegheitene i sentrumsbygget som var finansier med fond. Overføringar, avskrivningar og fordelte utgifter variere frå år til år på grunn av ulikt nivå på tilskot og pliktige statlege føringar.

Finanspostane:

Resultatet av finanspostane er i år positiv samanlikna med i fjor, hovedgrunnen til dette er avkastinga på næringsfondet som vart på ca kr 700 000 meir enn fjoråret.

Brutto – og netto driftsresultat:

Brutto driftsresultat på kr 5 800 730 seier noko underskotet etter avskrivningar, men før renter og andre finanspostar. I netto driftsresultat er finanspostane inkludert avdragskostnadane teke med, mens avskrivningane er nulla ut, dei interne finanstransaksjonar slik som bruk og avsetning til fond er ikkje teke med her. Netto driftsresultat er eit mykje nytta måltal for korleis kommuneøkonomien utviklar seg. Om netto driftsresultat er 1,75% av brutto driftsinntekter er dette å rekna som ein «sunn» kommuneøkonomi.

Resultatet i meldingsåret og utvilkinga frå 2014.

Samanliknar me dei 3 siste åra så er det store svingningar i resultatata, frå 2014 der det er eit positivt premieavvik(ein mindre kostnad i den framtidige pensjonen) som gjer at heradet går med overskot. I 2015 kjem også ut med eit positivt resultat då i all hovudsak på grunn av at pensjonsutgiftene til einingane vart mindre enn forventa og låneopptaket for 2013, 2014 og 2015 ikkje vart gjort før i slutten av 2015 slik at dette har hatt ein positiv verknad både på renter- og avdragsutgifter. Til 2016 der heradet kjem ut med eit rekneskapsmessig meirforbruk, som i all hovudsak skyldast utfordringar på einingsnivå. Vidare ser me at rente og avdragsutgiftene er høgare enn budsjettet, dette kjem frå lånemidlane til rassikringa, desse var budsjettet med tilbakebetaling i byrjinga på året, men vart ikkje innfridd før i slutten av året.

Rekneskapsmessig resultat:

Rekneskapsmessig resultat er det som står att av netto driftsresultat etter fondsavsettingar og andre årsoppgjersdisposisjonar. Driftsrekneskapan for 2016 syner eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr 119 933,96

Driftsavvik fordelt på einingane:

Ansvar	Ansvar	Rekneskap	Budsjett	Overskot/underskot
210	Stab/støtte	15 920 098,73	15 907 423,00	-12 675,73
220	Barnehagen	7 293 286,27	7 317 258,00	23 971,73
230	Undervisning	18 860 537,93	19 833 083,00	972 545,07
240	Helse & Sosial	14 471 225,43	11 956 731,00	-2 514 494,43
250	PLOMS	23 571 851,68	23 439 365,00	-132 486,68
270	NAV	3 078 422,38	2 474 351,00	-604 071,38
280	Teknisk leiar	13 785 450,50	14 630 955,00	845 504,50
	Underskot einingane	96 980 872,92	95 559 166,00	-1 421 706,92

Samla meirforbruk vart på 1 %. Budsjettoverskridingane kjem i hovudsak frå utfordringar på helse og sosial og i tillegg på NAV sitt budsjett.

Driftsavvik som ikkje er fordelt på einingane:

Årets premieavvik			1 811 312,00
Amortisering av tidligare års premieavvik			-1 467 604,00
Diverse			-84 497,80
Sal av kraft			-278 216,34
Renteutgifter			-521 543,10
Avdrag			-1 080 194,00
avsetjing til flyktningefondet			80 600,00
Overført til investeringsrekneskapet			508 662,00
Statstilskot asylmottak			138 872,00
Rente og avskrivningar VAR-område			49 732,00
Råmetilskot			1 443 218,00
Statstilskot flyktningar			1 129 618,00
Skatt på inntekt og formue			-669 452,92
Eigedomskatt			88 348,00
Renteinntekter			151 589,12
Utbyte og eigaruttak			1 330,00
Overskot finans			1 301 772,96

Samla mindreforbruk kjem i all hovudsak frå:

- Rammetilskotet er høgare enn budsjettert
- statstilskot flyktningar, heradet har teke i mot flyktningar som ikkje var budsjettert med
- budsjetterte overføringar til investering og flyktningefondet som ikkje er gjennomført som følgje av strykingsreglane i rekneskapsforskrifta.

Investeringsrekneskapen:

Dei samla investeringane i anleggsmiddel var på om lag kr 28 mill. Anleggsmidlane vart finansiert slik: lån kr 10,3 mill, bruk av fond/mvakomp på kr 17,7 mill. Det største investeringsprosjektet i 2016 var fleirbrukshallen.

Balanserekneskapen:

Eigedelane til heradet er på kr 413 millionar av dette er kr 151 mill pensjonsmidlar som står plassert i KLP. Dette utgjør 37% av eigedelane til heradet. Eigenkapitalen til heradet er redusert med kr 10 mill, reduksjonen i eigenkapitalen burde ha vore større eller lik underskotet, men som følgje av bruk av fond, både bundne og ubundne, er det ein reduksjon.

Økonomiske nøkkeltal

Økonomiske nøkkeltal	Ulvik	Ulvik	Ulvik	Kostragr 06
	2014	2015	2016	2016
Finansielle nøkkeltall				
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-2,7	-0,3	-4,2	2,1
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,4	3,1	-1,9	3,8
Frie inntekter i kroner per innbygger	70726	71658	73347	72540
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	182	208,3	189,8	224,2
Arbeidskapital ex. premieavik i prosent av brutto driftsinnt	57,7	79,6	45,2	25,5
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	11407	22606	27322	83949

Tabellen under syner den finansielle utviklinga i Ulvik dei 3 siste åra, samanlikna med andre kommunar i same kostra-gruppe som oss. Ulvik herad er i kostra gruppe 6: liten kommune med høge bundne kostnader pr innbyggjar, høge frie disponible inntekter.

I den langsiktige gjelda inngår både vanleg renteberande gjeld og framtidige pensjonsplikter til tilsette i kommunen. Pensjonspliktene, som er ei form for avsetting til framtidige pensjonsutbetalingar, utgjer om lag 2/3 av den langsiktige gjelda. Nivået på desse pliktene er rekna utifrå statlege reglar. Den renteberande gjelda, 1/3 av langsiktig gjeld, har auka det siste året og då i all hovudsak med låneopptaket som vart gjort hausten 2015. Likevel ligg heradet under gjennomsnittet for gruppe 06.

Arbeidskapitalen(omløpsmidlar minus kortsiktig gjeld) fortel om likviditeten dvs om heradet har pengar til å betale regningane sine til rett tid. Ulvik herad har god likviditet, samanlikna med både gjennomsnittet i gruppe 06 og med gjennomsnittet i landet.

Frie disponible inntekter fortel enkel sagt om kor mykje av overføringane gjennom inntektssystemet som ikkje er bunde opp til dei vanlege lovpålagte driftsoppgåvene. Ulvik har høge frie inntekter både samanlikna med gjennomsnittet i gruppe 06 og med gjennomsnittet for heile landet.

Netto lånegjeld er den renteberande gjelda, den har auka det siste året, men heradet ligg likevel under gjennomsnittet for gruppe 06 og under gjennomsnittet for landet.

Kostra-samanlikningar:

Kommune-Stat-Rapportering har vore i bruk i Ulvik i mange år. Systemet, som ligg på heimesidene til Statistisk sentralbyrå, gjev eit godt grunnlag for å samanlikne kommunar når det gjeld ressursbruk. KOSTRA-tala må likevel tolkast med noko varsemd.

Viktige KOSTRA-funn om meldingsåret for Ulvik herad sin del:

Innbyggjarartalet har auka, og då spesielt i aldersgruppa 0 år og 1-5 år og dette er gledeleg. Me ser ein nedgang i personar mellom 16-19 år.

Ulvik herad nyttar høvesvis mykje ressursar på skule og administrasjon samanlikna med gjennomsni

Innbyggjarar i Ulvik	2012	2013	2014	2015	2016
0 år	6	10	8	8	13
1-5 år	55	53	57	56	60
6-12 år	92	92	78	80	87
13-15 år	39	30	42	45	41
16-19 år	71	71	68	54	47
20-44 år	295	295	270	294	296
45-66 år	332	324	326	330	331
67-79 år	123	143	156	160	162
80-89 år	76	71	61	54	52
90 år eller eldre	23	24	28	26	27
	1112	1113	1094	1107	1116

ttet for kostra-gruppe 6 , og lite på barnevernstenesta.

Kommunale prioriteringar samanlikna med andre kommunar						
	Ulvik	Ulvik	Ulvik	Kostra gr	Eidfjord	Granvin
	2014	2015	2016	'06	2016	2016
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	144196	139033	128607	142076	313857	132675
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år	176680	177516	170621	163512	230713	201048
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	4505	5216	6498	5214	6680	4610
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgtjenesten	26713	24384	25966	29464	30223	21139
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	2861	2260	3597	3788	2071	1662
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	4123	4455	4204	14692	3964	2911
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	16821	16416	17378	10823	23895	11834

Innbyggjarar i Ulvik	2012	2013	2014	2015	2016
0 år	0,54 %	0,90 %	0,73 %	0,72 %	1,16 %
1-5 år	4,95 %	4,76 %	5,21 %	5,06 %	5,38 %
6-12 år	8,27 %	8,27 %	7,13 %	7,23 %	7,80 %
13-15 år	3,51 %	2,70 %	3,84 %	4,07 %	3,67 %
16-19 år	6,38 %	6,38 %	6,22 %	4,88 %	4,21 %
20-44 år	26,53 %	26,50 %	24,68 %	26,56 %	26,52 %
45-66 år	29,86 %	29,11 %	29,80 %	29,81 %	29,66 %
67-79 år	11,06 %	12,85 %	14,26 %	14,45 %	14,52 %
80-89 år	6,83 %	6,38 %	5,58 %	4,88 %	4,66 %
90 år eller eldre	2,07 %	2,16 %	2,56 %	2,35 %	2,42 %
	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %

Netto driftsutgifter pr teneste i % av totale netto driftsutgifter	2014	2015	2016	2016
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i prosent av totale netto dri	19,4	19,0	19,1	13,0
- herav Netto driftsutgifter styring og kontrollvirksomhet, i prosent av totale	2,1	2,4	2,3	1,8
- herav Netto driftsutgifter administrasjon, i prosent av totale netto driftsutg	17,3	16,6	16,8	11,2
Netto driftsutgifter, barnehage, i prosent av totale netto driftsutgifter	8,4	8,7	7,6	7,6
Netto driftsutgifter, grunnskoleoppl�ring, i prosent av totale netto driftsutgif	23,0	23,5	20,4	21,5
Netto driftsutgifter, helse og omsorg, i prosent av totale netto driftsutg	37,4	34,3	35,7	41,8
Netto driftsutgifter, sosialtj., i prosent av totale netto driftsutgifter	2,2	3,1	4,1	4,0
Netto driftsutgifter, barnevern, i prosent av totale netto driftsutgifter	0,9	1,0	0,9	3,3
Netto driftsutg, vann, avl�p, renovasjon/avfall, i prosent av tot netto driftsut	0,7	1,2	-0,2	-0,4
Netto driftsutg, fys.planl./kult.minne/natur/n�rmilj�, i prosent av totale netto	3,4	2,8	1,9	1,2
Netto driftsutgifter, kultur, i prosent av totale netto driftsutgifter	5,1	4,9	5,0	3,6
Netto driftsutgifter, kirke, i prosent av totale netto driftsutgifter	2,0	2,0	1,9	107,0
Netto driftsutgifter, samferdsel, i prosent av totale netto driftsutgifter	3,4	2,6	2,9	3,0
Netto driftsutgifter, brann og ulykkesvern, i prosent av totale netto driftsutg	1,9	2,0	2,0	1,8

PERSONALE OG ORGANISASJON

Sjuefr v r (tabell). Legemeldt og eigenmeldt samla.

Kommune/�r	2013	2014	2015	2016
Ulvik	6,80%	5,63%	6,04%	7,39%

Sjuefr v ret i Ulvik herad inkludert eigenmeldt fr v r er p  7,39% for 2016. Det vil sei at 92,61% er langtidsfriske. M lsetjinga var rett nok at 94,4% skulle vera langtidsfriske. Det eigenmeldte sjuefr v ret utgjer ca. 0,9% av fr v ret p  7,39%, noko som er ein auke fr  2015 p  0,4 prosentpoeng. Pleie- og omsorg ligg om lag p  snittet, medan barnehagen ligg noko over med 11,8%. Sj lv om det har vore ein auke i det eigenmeldte sjuefr v ret, er det nok langtidsjukemeldingar som dreg opp. Svingingar i sjuefr v re m  ein rekna med.

Det vart gjennomf rd ei IA- samling p  hausten.

Samarbeid med fagorganisasjonane

Det har vore tre m ter med fagorganisasjonane p  kommuneniv . Hovudavtalen heimlar fellesm te mellom r dmannen og hovudtillitsvalde. Ut over vanleg informasjon om budsjett og  konomiplan har fokus vore p  gjennomf ring av medarbeidarunders kinga. I tillegg har det vore halde informasjonsm te om kommunereforma. Fagorganisasjonane har delteke p   konomiplanseminaret p  Finse der m.a. sparekatalogen vart dr fta. I tillegg har det vore dr ftingar omkring praktisering av hovudavtalen sine reglar.

Kompetanseutvikling

P  skulen har 1 l rar gjennomf rt 30 studiepoeng Norsk, statleg delfinansiert vidareutdanning. Ved pleie – og omsorg tek ein tilsett Sjukepleieutdanning og ein held p  med Vidareutdanning i lungesjukepleie. 2 tilsette er ferdig med teoridel av Helsefagarbeidarutdanning. I barnehagen har ein tilsett gjennomf rt Barne- og ungdomsarbeidar teoridel og fagpr ve. Ein tilsett har teke barne- og ungdomsarbeidar teoridel medan ein har studert Spesialpedagogikk 30 studiepoeng.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Det er utarbeidd overordna plan for HMT-arbeidet for 2015, 2016 og 2017. Det er halde HVO-VO møte. På våren har ein gjennomført vernerundar med fordeling av 100 000 kr. i HMT-midlar. Vidare er det gjennomført helseundersøkingar for dei som har krav på dette etter lov og forskrift.

Alle tilsette i heradet har blitt oppmoda til trim på fritida gjennom trimtiltaket som vart vedteke for 2015 og 2016.

Organisasjonen har arbeidd vidare med resultatata frå medarbeidarundersøkinga i 2015. Det er planlagt ei ny undersøking mot slutten av 2017.

Diskriminering og likestilling

Ulvik herad er ein kvinnedominert arbeidsplass. Om lag 70% av arbeidsstokken er kvinner. Ufrivillig deltid har vore drøfta saman med arbeidstakarorganisasjonane. Det er i liten grad avdekka ufrivillig deltid, og ved intern utlysing av stillingar søker me å få auka opp stillinga til dei som ynskjer dette.

Etikk

Me har etiske retningslinjer som legg føringar for det etiske arbeidet i organisasjonen. Desse retningslinjene vil bli reviderte i 2016. Men dette er eit viktig felt som me vil sjå nærare på i komande økonomiplanperiode.

ADMINISTRASJON, STYRING, KULTUR OG SAMFUNNSUTVIKLING

Kostra-tal: Ulvik og Jondal kommunegruppe 6, Granvin kommunegruppe 5 og Eidfjord kommunegruppe 16.

Netto dr.utg. pr. innb. til administrasjon og styring.

	2014	2015	2016
Ulvik	16 821	16 416	17378
Jondal	12 018	11 941	ikkje reg.
Kommunegruppe 6	11 116	11 220	10823
Granvin	10 747	11 323	11834
Kommunegruppe 5	10 168	9 984	10770
Eidfjord	20 256	22 917	23895
Kommunegruppe 16	12 892	12 936	13447

Ulvik har ein auke i netto driftsutgifter til administrasjon og styring frå 2016 til 2017. Tilsvarande gjeld for andre kommunar i vår region. Jondal – som er i vår kostragruppe har ikkje registrerte tal pr.15.3.17.

Politikk – tal saker.

År	Heradsstyret	Formannskapet
2013	57	78
2014	60	58
2015	76	57
2016	80	67

Det har vore ein liten auke i tal saker i heradsstyret frå 2015 til 2016. I formannskapet har auken vore noko større.

Fellestenester

Ulvik herad sin avtale med Odda kommune om drift av IKT-tenester opphørde 31.12.2016. Heradet har inngått ein ny avtale med Kvam herad om drift og utvikling av IKT-tenestene frå og med 2017. Arkivplan for heradet vart publisert på slutten av året. Heradet har og avlevert e-arkiv til depot hjå IKAH.

I mai vart det halde rådgjevande folkerøysting i samband med kommunereforma.

Samfunnstryggleik og beredskap

Det har ikkje vore særskilde hendingar innafor samfunnstryggleik og beredskap 2016, ut over den daglege drifta.

Samfunnsutvikling og Cittaslow


Året 2016 var eit godt gründer-år med særskilt fokus på lokal samfunnsutvikling og oppfølging av satsingsområder i tråd med innbyggjarundersøkinga, sektorplan for næring og arbeidsplasser og et godt samarbeid med Ulvik næringslag. Næringsfondet har gjeve tilskot til 9 mottakarar i 2016. 6 av desse var til oppstart av nye verksemder i Ulvik, noko som er ei formidabel auke frå tidligare år. Det har vore stort fokus på etablerar- rettleiing og samarbeid regionalt og på fylket på etablerarkurs og i Hardanger i Team Hardanger mm.

Cittaslow satsinga har hatt høgt aktivitetsnivå i 2016. Cittaslowrådet vart konstituert i februar 2016. Rådet er samansett av 11 representantar frå politikk, skule, Haugesenteret, Hjeltnes, friviljuge lag og organisasjonar, ungdomsrådet mfl. Bygde- og næringsutviklar er sekretariat for rådet. Ulvik har vore leiar for det Nordiske nettverket på sitt andre år, der ordførar sit som medlem i den internasjonale Coordinating Commitee. I oktober signerte Ulvik herad venskapsbyavtale med Greve-in-Chianti då ein delegasjon frå Greve vitja Ulvik. Meir informasjon finn ein på heimesida under Cittaslow-snigelen eller på utviklingsbloggen Nyskaping. Cittaslow arbeidet forankrast i arbeidet med ny strategisk nærings- og utviklingsplan.

Næringslivet og reiselivet har hatt eit godt år i Hardanger med aukande grad av optimisme, nyskaping, fleire nye verksemder og fleire gjestedøgger regionalt. Brakanes hotell er i ei omstillingsfase mellom eigarar. Eit mangfald av overnattingstilbod frå agroturisme, hotell, hytter og camping er særskilt viktig for å kunne vidareutvikle reiselivet i kommunen.

Hjeltnes har vore prega av usikkerheit og nedbemanning etter at den vidaregåande skulen vart flytta til Voss. Det har likevel vore høg aktivitet knytt til vaksenopplæringa VGII og introduksjonsprogrammet for flyktingar med 3 tilsette.

Nøkkeltal for bedrifter i Ulvik 2011-2016



Nøkkeltal for arbeidsplassar og inn/ut-pendling

For 2016 er det 392 arbeidsplasser i Ulvik, mens det er 525 arbeidstakarar i kommunen om man reknar med pendling.

Bustad og arbeid i Ulvik	349
Innpendling	75
Arbeidsplassar i Ulvik	392
Utpendling	176
Netto innpendling	- 99
Arbeidstakarar busett i Ulvik	525
Utpendling i %	33%

Utpendling: 176

Voss	78
Bergen	26
Granvin	18
Oslo	13
Ullensvang	12
Eidfjord	6
Div	31

Innpendling: 75

Voss	25
Bergen	14
Granvin	9
Aurland	9
Ullensvang	5
Eidfjord	4
Div	8

Kultur og kino

- LUK/småkommuneprogrammet har arbeidd målretta med utviklingskompetanse i organisasjonen. Programmet er slutført og stønad frå fylket er utbetalt.
- Utsmykkingskomiteen slutførte utsmykkingsoppdraget av ny fleirbrukshall.
- Det vart tilsett ekstern hjelp i samband med kulturminneregistringa og arbeidet med kulturminneplanen held fram.
- Det har blitt arrangert innhaldsrike og fine program i Den Kulturelle Spaserstokken. Seniorrådet og pensjonistlaget har delteke i planlegginga, og vi har nytta Hauge-senteret som arrangementansvarleg på nokre av arrangementa. Vi har hatt fokus på å få til musikkarrangement på sjukeheimen. Desse arrangementa har vi lagt til dagar der det er aktivitet på arbeidsstova og fleire kan få glede av det. Pensjonistlaget har fått støtte til utflukter og julearrangement.
- Det har vore høg aktivitet innanfor Den Kulturelle Skulesekken. Å kunne nytte lokale kunstnarar/kunsthandverkarar og gjera lokalthistorien kjent, ser ein på som viktig. Nytt av året er at 10 klasse fekk prøve glasblåsing og å arbeide med keramikk med Silje Syse og Ingvild Winters. Dei gav elevane ei flott innføring i faget.

Totalbesøk kino

År	Besøk
2016	2261
2015	1985

Ulvik kino har hatt ein oppgang i besøket på nær 14 %.

Barne og ungdomsfilmar, samt norske filmar får det mest besøk.

Filmen som har hatt best besøk i 2016, er produsert av vår lokale filmregissør Vigdis Nielsen (den vart også vist som skulefilm).

Kinoåret har vore bra, men ein skulle ønskje at det vaksne filmpublikummet kunne vorte flinkare til å nytta kinoen.

Kinoen starta reklamevisning jan.2016 etter inngått avtale med Media Direct Norge (MDN).

Utover året kunne ein konstatere at reklamevisning ikkje gav noko meirinntekt for kinoen.

MDN løyste Ulvik kino frå avtalen om kinoreklame og stadfesta at med dagens besøkstall vil inntektene ikkje kunne svara seg i forhold til kostnadene ved drift.

10 på topp 2017:

Film	Besøk
Kampen om fjordane	295
The Revenant - (alle versjoner)	152
Snekker Andersen og Julenissen	127
Istid: På Kollisjonskurs - (alle versjoner)	114
Doktor Proktors tidsbadekar	62
Kongens nei - (alle versjoner)	62
Trolls	62
The Legend of Tarzan - (alle versjoner)	57
Mannen fra Snåsa	52
Birkebeinerne - (alle versjoner)	50
Børning 2	49

Bibliotek.

Biblioteket sitt samfunnsoppdrag er å dekkja behova til ulike brukargrupper i alle samfunnslag, og arbeider kontinuerleg med samlingsutvikling, formidling og tilrettelegging av kulturelle tiltak. Biblioteket har i 2016 i større grad sett i gang kulturelle tiltak, som til dømes teater, litteraturarrangement, litterære føredrag og språkkafè for flyktningar.

Hardangerbiblioteka

Samarbeidet med dei andre biblioteka i regionen fungerer svært godt med mykje aktivitet. I 2016 resulterte biblioteksamarbeidet i mellom anna to teaterframsyningar for born, to poesikonserter og eit litterært føredrag. Underteikna var også deltakar på formidlingskurs i Skien.

Digitale tenester

Biblioteket tilbyr gratis e-lån på www.eBokBib.no, ei digital teneste for Ipad/smarttelefonar. Biblioteket og har stilt katalogen tilgjengeleg for fjernlån på det nasjonale websøket, som etter kvart skal bli www.biblioteksøk.no. Arbeid med ny felles nettside for Ulvik og Granvin bibliotek er i gang, og vil lanserast vår 2017. Biblioteket tilbyr ei fleispråkleg nettavisteneste PressReader til bruk på biblioteket.

Faste arrangement på Ulvik folkebibliotek

I regi av biblioteket vert det drive lesesirkel og filosofisk onsdag ein gong i månaden, språkkafè to gonger i månaden.

Samarbeidspartnarar

Biblioteket har etablert eit samarbeid med Hauge-senteret. Vi hadde arrangement under Ulvik Poesifestival med 60 oppmøte. Vi har òg fått samarbeid med Hjeltnes VGS,

introduksjonsprogrammet for flyktningar. Andre som brukar biblioteket: Ulvik bygdekvinnelag, filosofigruppa, Ulvik sogelag.

Utlåns- og besøksstatistikk:

	2014:	2015:	2016:
Samla utlån:	4254	5293	4450
Samla besøk:	2019	2204	2340

Besøkstalet har auka med ca140 pers. frå året før. Nedgang i utlånet kan vera resultat av mindre fokus på formidling, og meir på arrangement. I tillegg har det ikkje vore tid til faste opplegg som klassebesøk grunna ekstraarbeid med nytt bibliotek i Granvin. Underteikna vil forsøke å snu denne trenden med nedgang i utlån, med meir fokus på formidling og mindre arrangement i 2017. Det har vorte for lite fokus på innkjøp og samlingsutvikling/kassering/fornyng av samlinga.

Prioriterte oppgåver haust 2016

Viktige prioriterte oppgåver f.o.m. hausten 2016 har vore: Tilskipping av forfattarbesøk, poesikonsert, poesitreff, teater for born samt etablering av nye samarbeidspartnarar. Det er eit viktig poeng at slike kulturelle tiltak er lovpålagt, og det er ei forventning frå fylkesbiblioteket/NB at biblioteket skal prioritere slike tiltak i like stor grad som samlingsutvikling/formidling.

Biblioteket er ope 48 veker, men stenger på heilagdaggar.

Biblioteket var stengt veke 27-30 i juli 2016 og i romjula grunna ferieavvikling.

HST saker 2016 ligg i eiga fil i mappa årsmelding 2016.

OPPVEKST.

Skule

Elevtalet i grunnskulen er stabilt. Nytilkomne minoritetsspråklege utgjer totalt 11 born i skulealder (9%) er med på å halda elevtalet oppe.

Nye elevar som startar utan å kunna norsk, er ei utfordring for mange kommunar. Ulvik herad prøver i år ut at elevar som kjem til skulen i 1.klasse går rett inn i vanleg klasse, får noko assistenthjelp, og lærer norsk saman med norske elevar. I tillegg har me innføringsklasse med elevar i småskulen og på mellomsteget. Det betyr i prinsippet at skulen framleis har 11 klassar og ikkje 10, og dermed aukar utgiftene, m.a. til undervisningstimar i høve til skulen utan minoritetsspråklege.

Kostratala nedanfor viser m.a. dette. Ein må vèra merksam på at kostratal gjeld kalenderåret og andre aktuelle tal (GSI tall) gjeld skuleåret. Utgiftene er delvis kompensert med inntekter frå flyktningefondet.

Netto driftsutgifter til grunnskulesektor (202, 215, 222, 223), per innbyggjar 6 – 15 år

202: grunnskule, 215: skulefritidstilbod, 222: skulelokale, 223: skuleskyss

	2012	2013	2014	2015	2016
Ulvik	171049	175858	176680	177516	170621
Kommune gr 6	147162	150890	156567	161334	163512
Granvin	146268	150909	171742	171628	201048
Eidfjord	199443	217010	215480	247040	230713

Prosentvis utvikling


		2012-13	2013-14	2014-15	2015-16
Ulvik		2,8 %	0,5 %	0,5 %	-3,9 %
Kommune gr 6		2,5 %	3,8 %	3,0 %	1,3 %
Granvin		3,2 %	13,8 %	-0,1 %	17,1 %
Eidfjord		8,8 %	-0,7 %	14,6 %	-6,6 %

Elevtal Brakanes skule:

År	1 kl	2 kl	3 kl	4 kl	5. kl	6 kl	7 kl	1-7 kl	8 kl	9 kl	10 kl	8-10 kl	1-10 kl
2016-17	15	11	14	9	12	11	15	87	16	6	13	35	122
2015-16	11	13	9	13	10	15	16	87	5	13	20	38	125
2014-15	14	7	13	10	15	15	7	81	13	20	11	44	125
2013-14	8	13	10	13	16	9	13	82	20	11	12	43	125
2012-13	13	10	12	17	7	13	20	92	10	11	9	30	122

Grafen nedanfor viser tal elevar pr lærar. Rapporten frå Telemarksforsking viser at Ulvik herad / Brakanes skule ikkje skil seg ut i høve til andre små kommunar som har 1 skule med

ca 122 elevar. Grafen viser ikkje noe om den interne fordeling i 1-7 trinn, i skuleåret 2016-17 har me auka læretimane på småtrinn (1-4 trinn), i samsvar med de nasjonale føringar.



Ulvik kommune skoleeier, Grunnskole, Lærertetthet, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Andel elever i grunnskolen (%) som får særskilt norskopplæring etter einskildvedtak	2012	2013	2014	2015	2016
Ulvik	1,6	0,0	4,8	8	9
Kommunegruppe 6	3,8	4,4	4,4	4,9	6,7
Nasjonalt	7,4	7,5	7,2	7	7,2

Ad særskilt norskopplæring: Telemarksforsking spådde i hausten 2015, at Ulvik snart ville nå opp på nasjonalt nivå. Nye tal viser at me faktisk var det alt i 2015.

Dette er ei utfordring som påvirkar lærarbehov/bemanning og økonomi.

Spesialundervisning og PPT

I ein kommune med små og varierende årskull vil få elevar kunne medføra store statistiske utslag. Andel elevar med einskildvedtak er litt over landsgjennomsnittet, men omlag 1% under samanliknbare kommunar.

Tal elever med einskildvedtak

Namn	År	1-4. trinn	5-7. trinn	1-7. trinn	8-10. trinn	Totalt
Brakanes B&U	2016-17	6,12	7,89	6,9	14,29	9,0
Brakanes B&U	2015-16	8,70	12,20	10,34	7,89	9,6
Brakanes B&U	2014-15	4,55	18,92	11,11	6,82	9,6
Brakanes B&U	2013-14	4,55	10,53	7,32	13,95	9,6
Brakanes B&U	2012-13	7,69	7,50	7,61	6,67	7,4
Heile landet	2016-17	5,15	9,25	6,88	10,17	7,8
Heile landet	2015-16	5,16	9,26	6,88	10,31	7,9
Heile landet	2014-15	5,08	9,46	6,93	10,54	8,0
Heile landet	2013-14	5,32	9,72	7,18	10,77	8,3
Heile landet	2012-13	5,57	9,85	7,40	11,20	8,6

Skulefritidsordning (SFO)

SFO på Brakanes skule har over tid stabile og høge brukartall. Telemarksforskning kunne konstatere at Ulvik har ein ressursbruk, målt i kroner pr brukar, som er på linje med gjennomsnittet i så vel samanliknbare kommunar som nasjonalt. Dei konstaterer ei effektiv organisering, til tross for at det manglar stordriftsfordeler, som ein har ved større skular/SFO.

Andel barn i SFO	År	Antal barn i SFO	Andel av elever i			
			1. årstrinn	2. årstrinn	3. årstrinn	4. årstrinn
Brakanes B&U	2016-17	43	86,67	100,00	71,43	88,89
Brakanes B&U	2015-16	41	72,73	100,00	100,00	76,92

Brakanes B&U	2014-15	33	78,57	85,71	69,23	70,00
Brakanes B&U	2013-14	37	87,50	84,62	80,00	84,62
Brakanes B&U	2012-13	42	76,92	80,00	91,67	76,47
Hele landet	2016-17		81,14	74,38	59,34	31,69
Hele landet	2015-16		79,93	75,24	59,75	32,50
Hele landet	2014-15		80,04	75,24	60,68	34,16
Hele landet	2013-14		80,28	75,72	62,06	34,89
Hele landet	2012-13		79,83	75,43	61,76	34,27

Barnehagen

Barnehagen har i ein periode hatt stigande barnetall. Me rapporterer til kvar eineste år pr 15. desember, sjå tabellen under. Tabellen visar likt barnetall på 56 barn i 2015 og 2016, men der er fleire barn under 3 år i 2016, dermed går tall plassar opp til 76.

Med suppleringsopptak 1.nov. , 1.feb. og 1.mai . aukar barnetallet gjennom barnehageåret og i de siste 3 år har me opplevd at kapasiteten jf. arealnorm er på maksimum, når me kjem til mai månad. Dette samsvarer med opplevinga tilsette og føresette har; det er fullt.

Våren 2017 vil der kome ytterligere 4 barn under 3 år, svarande til 8 plassar. I 2017 er der eit forholdsvis lite årskull som skal over i skulen, og årskullet 2016 er forholdsvis stort på 14 barn.

Ulvik herad vurderer korleis me handterer spissbelastningane som kjem på vårparten.

	0 år	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år	Sum	plassar
15.12 2016		11	9	11	17	18	56	76
15.12 2015		7	11	17	6	15	56	74
15.12 2014	1	7	14	4	15	9	50	72
15.12 2013		10	4	14	10	13	51	65
15.12 2012		3	14	9	12	9	47	64

Hausten 2016 var fordelinga slik:

	des.16		vaksne	Best egna til
	u. 3 år	o. 3 år		
Tommeliten	11		4	9
Askeladen		18	3	18
Tyrihans		18	3	18
Veslefrikk	9		3	9
	20	36	13	
Barn i alt		56		

Barnehagen har ei viktig rolle i tidlig innsats. Barn med anna språk enn norsk og barn med rett til spesialpedagogisk hjelp er ei utfordring i tillegg til ordinær barnegruppe

	2016	2015	2014	2013	2012
Minoritetsspråklege barn i barnehagen	11	7	8	5	6
Barn som får spesialpedagogisk hjelp	6	4	2	4	1

Tilsette og fordeling:

	2016	2015	2014	2013	2012
Styrrar	1	1	1	1	1
Pedagogisk leiar (årsverk)	5	5	4	6	4
Barnehagelærar eller tilsvarande	1	1	2		
Barne- og ungdomsmedarbeidar	1		2		
Assistentar (årsverk)	5	6	4,16	6	8
Særskild språkstimulering til minoritetsspråklege barn (årsverk	0,5	1	0,14		
Arbeid knytt til barn som krev ekstra ressursinnsats	0,74	0,8	1,16	0,62	0,55
Vaktmeister/reinhald	1,25	1,25	1,25	1,25	1,25

Total årsverk	15,49	16,05	15,71	14,87	14,8
---------------	-------	-------	-------	-------	------

PPT – sjå under spesialundervisning skule og spesial pedagogisk hjelp i barnehage

Kulturskulen

Har stabile elevtal over tid. I 2016-17 er 52% av elevene meldt på ein eller fleire aktivitetar i kulturskulen. Det er særleg gledeleg at gutar og jenter er om lag likt fordelte. I ein del andre kommunar er jenter klart overrepresentert.

År	Elevar i grunnskulealder	Elevar over grunnskulealder	Gutar	Jenter	Sum elevar
2016-17	64	5	31	33	64
2015-16	65	2	33	34	67
2014-15	57	2	25	34	59
2013-14	82	3	43	42	85
2012-13	71	3	36	38	74

Om lag halvparten av deltakarane deltek i musikkundervisning. På musikktilbodet brukar 64 elevar 75 plassar på musikk. I kulturskulen deltek 1 elev i snitt i 1,6 aktivitet.

År	Musikkundervisning Elevplassar	Visuelle kunstoffag Elevplassar	Teater Elevplassar	Dans Elevplassar	Andre kunst- og kultur- uttrykk	Sum Elevplassar
2016-17	75	16	9		6	106
2015-16	83	11	8	0	8	110
2014-15	67	12	13	0	6	98
2013-14	92	16	11	0		123
2012-13	86	8	12	8		119

HELSE- OG OMSORG.

Til avdelinga ligg administrasjon, legeteneste, legevakt, fysioterapi, , helsestasjon/jordmorteneste, psykiatrisk sjukepleie, dag- og aktivitetstilbod (nr. 10/Vaskeriet), barne- og ungdomsarbeidar, barnevern, Husbanken sine støtteordningar - bustøtte, tilskot til utbetring av bustad, og elles andre helse- og sosialtenester jf. helse- og omsorgstenestelova som ikkje ligg til NAV eller pleie og omsorgsavdelinga.

Ulvik har i 2016 hatt felles kommuneoverlege og legevaktordning med kommunane Eidfjord og Granvin. Ny interkommunal legevaktordning for kommunane Eidfjord, Granvin, Kvam, Ulvik, Vaksdal og Voss kom i gang frå 02.01.2017.

Avtalen med Eidfjord og Granvin vart hausten -16 justert i tråd med faktisk forbruk av tenester mellom kommunane. Eitt legeårsverk har heile året vore drive med innleidd vikarlege. Dette førte til større samla utgifter for Ulvik enn det var budsjettet med. Ein fastlegeavtale er opphøyr. Dermed opphøyrer og utbetaling av mndl. basis- og utjamningstilskot i 2017 (på årsbasis ca. kr 510 000 – sjå spareplan). Ved Ulvik legekantor vert det i 2017 2 heile legestillingar.

Ulvik herad har delegert ansvaret for barnevernet til Hardanger Barnevern, Odda etter ein vertskommunemodell i samarbeid med kommunane Odda, Ullensvang, Eidfjord, Jondal og Granvin.

Andre deltenester har vorte oppretthalde.

Rekneskapan syner eit samla meirforbruk i høve budsjettet på ansvarsområdet på kr 2 504 mill.

Dei store overskridingane skuldast:

- Vikarlege med delvis refusjon ein del av året (ca.7 mnd) og ingen refusjon resten av året.
- Andre utgifter knytt til legemangel: Formidlingshonorar legevikar, lysingsutgifter, husleige vikarlege, reduserte refusjonar/eigendeler grunna lite stabilitet i legetenesta.
- ØH-senger – tidl. finansiert med øyremerkte tilskot. I 2016 kom dette som del av rammetilskotet. Ikkje tillagt ramme ansvar 240.
- Auke i behovet for pliktmessige individuelle hjelpetiltak – tenesteområde Barnevern utanfor familie, Bustad/institusjon og omsorgsløn. Meirforbruket på desse tenesteområda er på kr 1 698 mill. Det skal nemnast at heradet gjennom rammetilskotet i 2016 mottok kr 604 000 pr. «særleg ressurskrevjande brukar» (ikkje barnevern).
- Hardanger Barnevern fattar vedtak i barnevernssaker. Desse vedtaka binder heradet økonomisk.

Det vert vist til årsmelding for 2015 der det heiter:

Kostnadskrevjande tiltak er vidareført frå 2015 til 2016 og må forventast å føre til eit meirforbruk i høve budsjettramma.

Tabell 1

ANSVAR 240 - Helse og sosial				
Teneste	B 2016	R 2016	Avvik	R 2014 i % av B 2015
Administrasjon	966 126	861 845	104 281	89,2
Premiefond	0	-71 405	71 405	#DIV/0!
Ungdomsråd	0	10 060		
Ungd. arb./tiltak	267 256	276 772	-9 516	103,6
Helsest./jordmor	829 490	893 521	-64 031	107,7
Andre foreb. Tiltak	0	-1 718	1 718	#DIV/0!
Drift Brakanestunet	411 500	472 173	-60 673	114,7
Støttekontakt	528 865	278 751	250 114	52,7
Legeteneste	2 666 339	4 679 571	-2 013 232	175,5
Legevakt	1 376 531	965 419	411 112	70,1
Fysioterapiteneste	969 559	951 176	18 383	98,1
Skjenkekontroll	5 000	65 258	-60 258	1305,2
Krisesenter	88 700	90 234	-1 534	101,7
Edruskap og behandling	5 000	5 000	0	100,0
Barnevern - adm.	361 500	373 439	-11 939	103,3
Barnevern i fam.	50 000	0	50 000	0,0
Barnevern utanfor fam.	281 390	587 157	-305 767	208,7
Bustad/institusjon	1 599 337	2 554 580	-955 243	159,7
Psykiatriteneste	1 203 994	812 717	391 277	67,5
Omsorgsløn	229 466	666 676	-437 210	290,5
BPA	116 678	0	116678	0,0
SUM netto dr.utg.	11 956 731	14 471 226	-2 504 435	121,0

* Neg. forteikn = meirforbruk i høve til budsjett

Tabell 2

Kommunale prioriteringar samanlikna med andre kommunar						
	Ulvik	Ulvik	Ulvik	Kostra gr	Eidfjord	Granvin
	2014	2015	2016	2016	2016	2016
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	144196	139033	128607	142076	313857	132675
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år	176680	177516	170621	163512	230713	201048

Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	4505	5216	6498	5214	6680	4610
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgstjenesten	26713	24384	25966	29464	30223	21139
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	2861	2260	3597	3788	2071	1662
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	4123	4455	4204	14692	3964	2911
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	16821	16416	17378	10823	23895	11834

PS. Låge kostnader pr. innb. når det gjeld barnevern kan og være ein indikasjon på at fleire saker ligg «uoppdaga»/ikkje vert teke fatt i.

På tross av store overskridingane i rekneskapen på ansvarsområde 240 skil ikkje utgiftene seg ut som særskilt høge når ein samanliknar med andre kommunar – sjå tabell 2.

Utgiftene til kommunehelseteneste har auka mykje frå 2014 til 2016, men utgiftene var i 2016 særskilt høge (sjå over). Utgiftene er lågare enn for anna kommune i samanlikninga, men høgare enn for gjennomsnittet i same kostragruppe (sjå tabell 1). Utgiftene ventast å verta reduserte i 2017.

Ser ein på kostratala for utgifter til barnevernet er dei relative kostnadene samanlikna med andre kommunar i same kostragruppe låge).

Hovuddelen av utgifter knytt til pleie- og omsorgstenester høyrer inn under ansvar 250. Men også utgifter som høyrer til 240 vert i kostratala registrert som pleie- og omsorgstenester.

Utgiftene til pleie- og omsorgstenester er moderate både samanlikna med nabokommunar og med landsgjennomsnittet.

Tenestene støttekontakt, bustad/institusjon, omsorgsløn og BPA (brukarstyret personleg assistent) er alle å sjå på som heradet sin samla innsats m.o.t. individretta tiltak. Det kan være tilfeldig på kva teneste utgifta vert ført. M.a. vil støttekontakt som tiltak ha eit klart element av avlastning. Avlastningstiltak utgjer ein stor del av det samla hjelpebehovet i form av bustad/instit. og omsorgsløn.

Individretta tiltak er i dag forventa å verta vidareført i 2017 og at det ikkje vil være dekning innafor budsjettramma for desse. Tiltaka er likevel naudsynte og kan ikkje avsluttast med den grunngevinga at det ikkje er tilstrekkeleg med midlar sett av i budsjettet for 2017. Ein vil ha ein betre oversikt over samla stipulerte utgifter i 2017 i samband med tertialrapporteringa.

PLEIE OG OMSORG.

Årsmeldinga baserer seg på ein høgare aktivitet for inneverande år enn i 2015. Auka etterspurnad etter både korttidsplassar og langtidsplassar i kommunal institusjon vitnar om at me har ein aldrande befolkning, noko også helse og omsorgsplan 2013-2040 dokumenterer. Pasientar i institusjon er sjukare no enn tidlegare. Alderen kjem sjeldan åleine. Sjukdom i høg alder har tendens til å gi kompliserte helseutfordringar med behov for anna type oppfølging og meir oppfølging av kommunale omsorgstenester som igjen har gitt auka behov for tilsynslege i kommunal institusjon, auka behov for behandling i spesialisthelsetenesta med mykje logistikk knytt til planlegging og fylgje av pasientar. Fylgjeleg gir dette også eit auka behov for anna samansetjing av kompetanse i personalgruppa. Det er avgjerande å både oppretthalda og auka kompetanse innafør fleire fagområde.

Det er satsa på grunnutdanning og vidareutdanning dei seinare åra som kjem avdelinga til gode på sikt.

Det vart gjennomført redusert tal sengeplassar i kommunal institusjon frå 21plassar til 18 plassar i 2016. Det er ikkje lett å planleggja aktiviteten innafør omsorgstenester då ein aldri veit når sjukdom rammar og korleis det slår ut på hjelpebehovet, uavhengig av alder. Auka pågang til institusjonsplassar gjennom heile året har ført til overbelegg og gitt ein beleggsprosent på 111%. Dette har krevd høgare bemanning enn turnus som vart lagt til grunn for 18 sengeplassar med påfylgjande høgare driftsutgifter innan fleire område.

Pasientgruppene er mange og til tider utfordrande då hjelpebehovet varierer sterkt i omfang. Det har vore 10 dødsfall i institusjon i løpet av året.

Året har vist eit auka behov for korttidsplassar og eit høgt antal pasientar har hatt behov for direkte overgang frå korttidsplass til langtids plass.

Heradet har inngått avtalar med Helse Bergen knytt til Samhandlingsreforma som krev at kommunane tek i mot utskrivingsklare pasientar, uavhengig av hjelpebehov. Det har ikkje vore «overliggarar» i sjukehus som kostar kr 4.000,-/døgn. Fleire får avansert pasientbehandling i både heim og institusjon etter utskriving.

Avdelinga har som målsetjing å vera 95% langtidsfrisk avdeling. Målsetjinga er ikkje nådd. Me er ein langtidsfrisk avdeling på 88,25% (6,75% sjukefråvær). Dette har sett sitt preg på drifta og slitasjen på personalet er merkbar. Sjukefråværsarbeidet viser at fråværet ikkje er arbeidsrelatert. Fråvær er fråvær, uavhengig av årsak og gir større press på drifta og på resterande arbeidsstokk. Krav om store innsparingar i drift er knytt til stillingar. Utfordringa ligg i korleis arbeida meir effektivt når ein har med svært sjuke pasientar å gjera med sine individuelle behov for hjelp i ulike livsfasar til både eldre og yngre pasientgrupper, inkl. pårørande. Auka krav til pasientbehandling og overbelegg gjennom året har vore svært utfordrande. Resultatet har vore auka bruk av vikarbyrå gjennom heile året som i seg sjølv er svært utfordrande med stadig opplæring av nye vikarar. Spørsmålet ein stiller seg er om strenge krav til innsparing i denne sektoren ikkje vil gi den innsparingseffekten som er målsetjinga? Reduserte pensjonskostnader for 2016 er med på å redusera underskotet totalt innafør avdelinga då enkeltpostar har store meirforbruk, som t.d. overtid, bruk av vikarbyrå og sjukevikar.

Det ligg store krav til å fylgja opp nasjonale føringar og deltaking i nettverkssamarbeid/-møte der kommunane forpliktar seg til å stilla med ressursar inn mot Kommunenes Sentralforbund/ Fylkesmannen i Hordaland og Utviklingssenter for sykehjem og hjemmetjenester. Sistnemnde skal vera pådrivar og vertskommune for at kommunane «heng med» for å utvikla gode framtidige omsorgstenester som er i tråd med nye forskrifter. Dette krev ressursar som i dag ikkje ligg inne i budsjettet og som vert ei stor utfordring framover.

Elektronisk meldingsutveksling(e-meldingar): institusjon og heimetenester : 1967 meldingar (2015:1396 meldingar)

Nasjonalt meldingsløft er leia av Helsedirektoratet og er ein sentral del av nasjonal strategi for elektronisk samhandling innan helse -og omsorgssektoren. Elektronisk meldingsutveksling føregår no mellom kommunane, helseføretak og legetenesta, jf nasjonale krav. Dette er eit reusltat av Samhandlingsreforma og kommunane skal inn i Norsk Helsenett. Auka krav til rapportering og dokumentasjon generelt har gitt meirarbeid og er tidkrevjande og går på bekostning av direkte pasientkontakt. Stadig større utgifter knytt til IKT innan omsorgssektoren og krav om deltaking innan nye teknologiske løysingar som krev mykje ny opplæring, krav om deltaking i nettverk, auka lisensutgifter/ nye modulinnkjøp/ support, m.m.

Erfaringar så langt med e-meldingar: lite tid til drøftingar rundt den enkelte e-melding om utskrivingsklare pasientar mtp kartlegging av hjelpebehov.

Stadig nye oppgåver tillagt pleie og omsorgssektoren krev diskusjonar omkring ressursbruk/ - behov framover og korleis ein tenkjer seg oppgåvene løyst. Slike drøftingar er ikkje gjennomført lokalt med tanke på korleis ein tenkjer seg å møta stadig nye utfordringar og krav.

Etter at interkommunal legevakt (IKL) vart sett i verk har avdelinga opplevd 2-3 ggr legevakten tek kontakt for å be personalet i pleie og omsorg om å utføra oppdrag i Ulvik på vegne av legevakten. Pleie og omsorg er ikkje dimensjonert til å avhjelpa legevakten på denne måten korkje ressursmessig eller kompetansmessig. Det har heller aldri vore snakk om at kommunale omsorgstenester skal verta ein del av IKL.

2530: Ulvik sjukeheim:

	2016	2015	2014	2013
Søknader til Inntaknemnda	64	48	51	43
Langtidsopphald	13	5	4	5
Korttidsopphald(akutt plass, rehabilitering, utgreining/ behandling, anna)	43	34	38	30
Omsorgsbustad	6	4	3	4
Dagavdeling for personar med demens	1	4	4	3
Nattopphald	1	1	0	0
Avlastning	0	0	2	1

Direkte overgang frå korttids plass til langtids plass: 7 søknader.

Resterande 6 søknader inneber at pasient har prøvt seg heim ein eller fleire gonger med oppfylging av heimetenester. Gjettatte reinnleggingar har difor resultert i langtidsopphald.

Auka bruk av korttids plassar gir auka arbeidsmengd i høve sakshandsaming gjennom kartleggingsarbeid og vurderingar av fysisk og mental helsetilstand for best mogeleg tilrettelegging mtp vidare hjelpebehov.

Ulvik sjukeheim har i dag 18 senge plassar. 3 senge plassar er sett av til korttids plassar med rehabilitering, palliasjon, omsorg ved livets slutt, avlastning, o.l.

Kjøp av vaskeritenester til arbeidstøy for alt personale (institusjon + heimetenester+ kjøkken) og institusjonstøy. Personalet i institusjon vaskar privat tøy til bebuarar, ingen stillingsressurs avsett her. Tenesta ligg til institusjon.

2531:Kjøkkentenesta:produserer heime laga mat til bebuarar og heimebuande etter søknad.

240- 2412;Fysioterapi: 28% knytt til institusjon, jf lovkrav. Ressurs ligg i dag til helse og sosial. Eigen fysioterapiressurs på bakgrunn av endring i regelverket der privatpraktiserande fysioterapeutar med kommunalt driftstilskot ikkje lenger er pliktig å yta denne type tenester til kommunal institusjon.

HEIMETENESTER:

Heimetenester omfattar alle deltenester utanom institusjonsomsorg. Talet held seg nokon lunde stabilt sjølv med fleire innleggingar i institusjon. Behovet for fleire og meir omfattande hjelpetiltak i heimen har likevel gitt auka arbeidsmengd og saksMengd, også for kortare oppdrag knytt til nødvendig helsehjelp. Det er ikkje alltid talet brukarar/pasientar som er avgjerande for den totale arbeidsmengden. Ein gjer vurderingar knytt til søknader om tenester knytt opp til lovverket ved vedtaksutmåling.

Middagsutkøyring: I tillegg til utkøyring av middag ser ein også behov for utkøyring av både frukost og kveldsmat. Køyreoppdrag ligg til personalet i heimetenester.

2542: Ergoterapeut har kombinasjonsstilling med 60% ergoterapeut og 40% fagansvarleg ved dagavdeling for personar med demens og er også demenskoordinator i heradet.

Hjelpemiddel:skal sørva alle innbyggjarar i heradet, både barn, unge og vaksne. Mykje avansert tekniske hjelpemidlar som krev fagutdanning – ivareteke av personell ved teknisk.

På hausten starta me planlegging av kvar dags rehabilitering der fysioterapeut og ergoterapeut er ansvarlege for å utarbeida eit verktøy mtp heimebesøk til alle over 75 år for hjelp til å planleggja heimen for alderdomen og fallførebygging. Informasjonsmøte vart halde i slutten av november der over 30 personar møtte. Eit svært godt oppmøte! Tilbodet er frivillig og vil starta opp i 2017.

2345:Dagavdeling for personar med demens er eit lovpålagt tilbod som inkl. transport. Pr i dag har tilsette ved dagtilbodet ansvar for transporten. Det er ikkje noko god løysing, men har ikkje ressursar til sjåfør. I snitt er det 5-6 brukarar av tilbodet. Tilbodet vert også nytta for enkelte pasientar med plass i institusjon med demensdiagnose som har behov for miljøtiltak og eit meir tilrettelagt tilbod.

2346:Arbeidsstova: Dagsentertilbod, ikkje lovpålagt. Legg vekt på det sosiale og handverkstradisjon. Transport: Ulvik Lions Club har avtale med sjåfør og sponsar transportutgifter.

Pr 31.12.2016:

Heimesjukepleie : 32 brukarar

Heimehjelp : 28 brukarar

Dagavdeling for personar med demens : 5-6 brukarar dagleg

Tryggleiksalarm : 24 tr.alarmar

Arbeidsstova -snitt : 15 brukarar

Utkøyring av middagar -snitt : 15 middagar dagleg

NAV.

Totalt har NAV Ulvik, sosialtenesta, hatt 38 aktive brukarar i 2016. Av desse var 13 nye brukarar. 39 % av desse hadde behov for bistand over 6 md. (23 % i 2015). Alle (38 brukarar) hadde ei økonomisk yting eller låg arbeidsinntekt i botn. Alderssamansettinga er ca. 21 % under 25 år, ca. 50 % mellom 25-44 år og ca. 29 % over 45 år. Andelen under 25 år har auka betrakteleg frå 2015 til 2016, frå 6 % til 21 %.

Ansvar 270 NAV	Rekneskap	Budsjett	Avvik
	3 078 422,38	2 474 351,00	604 071,38

NAV Ulvik har eit stort avvik budsjettmessig, som blant anna skuldast endringar i dei økonomisk vilkåra for bustønad, stor pågang av søknadar og auka tall brukarar. Vi har hatt stabilt personale og veldig lågt sjukefråvær. Samanlikna med Kostragruppe 06 hjå SSB, har Ulvik litt lågare driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbyggjar 20-66 år enn gjennomsnittet, men vi har ein litt høgare del sosialhjelpsmottakarar av innbyggjarane 20-66 år. Ulvik har hatt ei auke i driftsutgiftene pr. innbyggjar frå 2015 til 2016 med kr. 1337. Frå kr. 2260 til kr. 3597. Kostragruppe 06 ligg på kr. 3788.

TEKNISK DRIFT OG VEDLIKEHALD.

Planlegging

Kommunedelplan for energi og miljø 2016-2020 vart vedtatt 20.04.2016
Arealdelen til kommuneplanen 2016-2028 vart vedtatt 21.09.2016.

Byggesaker

År	Heilårs- bustader	Fritids- bustader	Andre bygg/tiltak
2013	8	4	30
2014	9	4	29
2015	8	10	33
2016	4	8	22

Av dette er det 1 ny heilårsbustad, 2 nye fritidsbustader og 0 nye driftsbygningar

Det er handsama 11 dispensasjonssaker i 2016.

Kart og oppmåling

Landbruk

	2013		2014		2015		2016	
	Søklarar	Sum tilskot	Søklarar	Sum tilskot	Søklarar	Sum tilskot	Søklarar	Sum tilskot
Produksjonstilskot, søknadsfrist 20. januar	57	5 898 048,-	51	5 201 306,-	57	6 555 462,-	54	5 204 120,-
Produksjonstilskot, søknadsfrist 20. august	58	4 976 756,-	59	4 787 860,-	56	4 106 844,-	59	4 898 994,-
Regionalt miljøtilskot (RMP)	50	931 161,-	51	1 545 921,-	49	1 254 706,-	49	1 270 249,-
Refusjon sjukeavløysing m.v.	17	401 998,-	6	57 054,-	2	38 322,-	7	184 556,-

- SMIL-tilskotet var i 2016 på kr 140 000,-. Det kom inn 2 søknadar, og heile tilskotet vart fordelt på dei ulike prosjekta.
- Dreneringstilskotet var i 2016 på kr 20 000,-, og det vart ikkje brukt noko av tilskotet. Årsaka til låg utnyttingsgrad av tilskotet, kan vera at det er eit forsvinnande lite tilskot når ein jamfører med kostnadane for grøftinga.

Dei seinare åra har mange unge gardbrukarar flytta heim, dette er positivt for bygda!

Skogbruk

År	Hogst				Planting		Tilskot
	Total (m ³)	Sagtømmer (m ³)	Massevirke (m ³)	Total verdi (kr.)	Skogstre (stk.)	Juletre (stk.)	(kr.)
2016	13 268	8 208	4 861	4 382 094	59 650	-	153 350
2015	13 474	7 574	5 839	3 698 232	60 300	4 000	169 327
2014	11 891	8 213	3 652	3 749 843	-	-	-
2013	4 346	3 004	1 337	1 307 192	9 820	1 000	37 680

Det har vore god aktivitet i skogbruket dei siste tre år, med rekord hogst i 2015. Skogskade på grunn av ekstremt snøfall vinteren 2014-2015 medverka til auka aktivitet. Meir sagtømmer i uttaket gjorde likevel at hogstverdien vart litt høgare i 2016 enn året før. Med stor hogstaktivitet fylgjar eit stort plantebehov. Det skal plantast att etter hogst innan 3 år. Hordaland har førebels gode tilskotsordningar for natur- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK), men framover må ein i større grad pårekna å finansiere tiltaka ved hjelp av avsett skogfond.

Viltforvaltning

År	Hjortejakt			Elgjakt			Fallvilt
	Kvote (stk.)	Felte dyr (stk.)	Felte dyr (%)	Kvote (stk.)	Felte dyr (stk.)	Felte dyr (%)	(stk.)
2016	127	78	61	5	0	0	4
2015	127	79	62	5	1	20	12
2014	127	71	56	7	3	29	3
2013	111	86	78	7	0	0	0

Jaktarealet i Ulvik er fordelt på 1 elgvald og 3 hjortevald. Det teljande arealet utgjer om lag 115 km². Uttaket av hjort og elg har vore relativt stabilt dei siste åra. Auka kvote har likevel resultert i litt lågare fellingsprosent dei siste 3 år. For to av hjortevalda, der det er størst fruktproduksjon, er minstearealet mellombels redusert frå 1 000 dekar til 750 dekar. 1 000 dekar er vanleg minsteareal også i nabokommunane.

Det er ei lovfesta nasjonal målsetjing at hjorteviltet skal forvaltast på bestandsnivå, og eit samarbeidsprosjekt er initiert for å lage ein større felles regional bestandsplan. Men valda i Ulvik har hittil ikkje ynskja å delta i dette prosjektet. Bestandsplanane og dei kommunale målsetjingar for hjortevilt forvaltninga skal reviderast i 2017.

Brann- og feiarvesen

- Årsmål for dei enkelt områda som feiing/tilsyn, tilsyn med særskilde brannobjekt (§ 13), øvingar, lovpålagd opplæring, helsekontrollar, HMT arbeid osv. Ei brannordning (inkludert feiing/tilsyn) i tråd med sentrale krav og lokal risikovurdering.
- Gjennomført dei planlagde 6 fellesøvingane, med fokus på bruk av utstyr, vasstilførsel/normalutlegg og fyrstehjelp. Ein RD deltok på ei felles varmrøykøving i Eidfjord, og på ei tunneløving i Granvin/Lussand. I tillegg har varabrannsjef delteke på øvingar i Eidfjord og Granvin vedk. fyrstehjelpsopplæring inkl. HLR opplæring/hjertestartar.
- To brannmannskap er i gang med «Grunnkurs deltidsmannskap», i regi av Norges brannskole. Det er 4 helgesamlingar på Voss, og ei praksisveka ilag med Bergen brannvesen i Bergen.
- Feiing vart utført av Vestnorske Feiartjenester AS. Dei varsla 337 hus vedk. feiing, men det var 57 hus der det ikkje var klargjort for feiing eller folk ikkje var heime. Dvs. 280 piper vart feia i 2016. Det var ikkje planlagd tilsyn i 2016.
- Det kom ei ny «Førebyggandeforskrift», gyldig frå 1.1.2016, som inneberer at alle § 13 objekt skal ha ein ROS analyse. Dette gjer at heradet står meir fritt til å prioritera kva måte ein ynskjer å driva det brannførebyggande arbeidet. Det kan for eksempel vera opplæring, kampanjar og informasjon. Men det vil fortsatt verta utført tilsyn med særskilte brannobjekt (§ 13). Skule, barnehage og overnattingsverksemder har fortsatt høg prioritet.
- Arbeidet med Pilotprosjekt «Brannsamarbeid i Bergensregionen» er avslutta, og ein rapport er sendt til Ulvik herad. Brannsjefen har informert formannskapet om rapporten, og gav ein objektiv informasjon om kva det inneberer for Ulvik herad. Om Ulvik herad ynskjer å delta i «Vest brann og redningsregion», må det til politisk behandling før sommar 2017.
- Utrykkingsleiarar i Ulvik brannvern gjennomførte ei felles opplæring ihht. en nye fellesforskrifta mellom nød etatane (PLIVO), på Voss i mars. Dette var ei øving som både Politi, helse og brann deltok på.
- Det vart søkt på midlar frå «Det store brannløftet», gjennom Gjensidigestiftinga, og Ulvik brannvern vart tildelt overflateredningsutstyr for kr. 100 000,-. Dette er utstyr som vert lovpålagd for alle brannvern frå 2018.

Ulvik brannvern har ein fyrsteinnsatsbil/fremskutt enhet av eldre dato (1976 mod. Jeep), og me håpar at denne vil verta erstatta innan kort tid. Den er kome inn på økonomiplan for Ulvik herad.

Vatn, avløp og renovasjon (VAR)

	2013	2014	2015	2016
Januar	9 362	10 150	15 526	10 559
Februar	7 961	8 579	15 140	11 406
Mars	9 369	9 690	10 170	12 270
April	9 612	10 396	9 937	10 681
Mai	9 696	12 568	10 998	12 076
Juni	10 478	14 827	11 508	16 194
Juli	11 394	17 679	13 681	13 606
August	11 578	12 976	13 341	13 033
September	9 545	11 472	10 801	11 287
Oktober	10 463	9 982	9 914	10 532
November	10 140	14 594	9 216	10 598
Desember	10 083	12 074	9 958	10 213
Total	119 681	144 987	140 190	142 455

Vassforsyning

Det er eitt kommunalt vassverk i Ulvik, Osa vassverk. Vassverket ble etablert i 2001. Grunnvasspumpene pumper mot Hakestad høgdebasseng.

Ny kommunedelplan for vatn og avløp vart vedtatt i juni 2016. Hovudutfordringa innafor dei kommunale vassforsyningsområda framover som er omfatta av planen, er å etablere nytt høgdebasseng i Øydve-området og utvide nettverket til nye abonnentar på Syse, Torblå, Kvåle, Håheim og Øydve.

Arbeid med etablering av nytt høgdebasseng er starta opp i 2016 og planlagt ferdig desember 2017.

Prosjektering på nytt vassnett på Øydve-Torblå område og sanering av vassnett på Prestagardsfelt vart også starta opp i 2016. Begge prosjekta vil bli ferdig i 2018.

Grunna brot på vassleidning på Skeiesvegen vart ein del av hovudvassleidning utskifta. Arbeidet på utskifting av gamle leidningar vil fortsetja i åra framover.

Avløp

Dei kommunale avløpsanlegga består i dag av:

- 1 mekanisk reinseanlegg på Hjeltnes
- 5 stk. avløpspumpestasjonar (inkl. ein i Hjeltnes RA)
- 10 regnvassoverløp
- Tilhøyrande leidningsnett, ca. 15,5 km

Ny kommunedelplan for vatn og avløp vart vedtatt i juni 2016.

Hovudutfordringa innanfor dei kommunale avløpsbehandlinga som er påpeka av planen, er reinseanlegget som ikkje stettar dagens reinsekraft, m.a. for stor lysopning. I reinseanlegget er det særskild dårleg inn klima da det er store problem med gass i bygget frå avløpsvatnet. Arbeid på etablering av nytt reinseanlegg vart starta opp i 2016 og planlagt ferdig desember 2017.

I tillegg vil heradet utvide nettverket til nye abonnentar på Syse, Torblå, Kvåle, Håheim og Øydve. Prosjektering på nytt avløpsnett på Øydve-Torblå område og sanering av avløpsnett på Prestagardsfelt er starta opp i 2016. Begge prosjekta vil bli ferdig i 2018.

Slamtømming

Ulvik herad har ordning med tømming kvart andre år for bustadhus og fjerde år for fritidsbustad. Tenesta vart skild ut frå avlaup med eige sjølvkostrekneskap. Totalt har heradet ansvar for slamtømming for ca. 250 private abonnentar. Det praktiske arbeidet er utført av Jonny Birkeland/ Norva 24.

Renovasjon

Renovasjon er ei sjølvkostteneste. Oppgåvene knytt til denne tenesta er overtatt av Indre Hordaland Miljøverk, med unnatak for fakturering.

Vegar

Heradsstyret vedtok å nedklassifisere nokre kommunale vegar, og ruste dei opp før overlevering til grunneigarane. Ein del av opprustinga er gjennomført i 2016 og den andre delen er planlagt for våren 2017.

Det vart gjennomført asfalteringsarbeider på delar av det kommunale vegnettet i 2016.

HERADSTYRESAKER 2016

Sak nr.	Tittel	Sak nr.	Tittel
001/16	Meldingar	045/16	Vedtak av kommuneplanens arealdel Ulvik herad - 2016 - 2028
002/16	Bustader - Sentrumsbygget	046/16	Innføring av namn til 52 nye vegadresser og områdeadresser
003/16	Høring - Forslag til nytt inntektssystem for kommunene	047/16	Høyring - Endringar i konsesjonslov, jordlov og odelslov
004/16	Klage på vedtatt reguleringsplan for fortau langs Tysseviksvegen - Ulvik herad	048/16	Vennsksbyavtale mellom Greve i Chianti og Ulvik i Hardanger
005/16	Forvaltningsrevisjon for innkjøpsområdet - oppfølgingsplan	049/16	Hardanger og Voss interkommunale legevakt. Delegering til rådmann på Voss.
006/16	Val av leiar i takstnemnda for eigedomsskatt (verk og bruk)	050/16	Selskapsavtale for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS- endringar
007/16	Val av medlemmer til nye tilsynsutvalg for verneområdene på Hardangervidda	051/16	Val av Forlikråd for Ulvik og Granvin 2017 - 2020
008/16	Val av medlem og vara for Hallingskarvet nasjonalparkstyre	052/16	Utbygging av fortau langs Tysseviksvegen. VA-finansiering.
009/16	Intensjonsavtalar om kommunesamanslåing	053/16	Tilstandsrapport for Brakanes barne og ungdomsskule 2015-2016
010/16	Rådgjevande folkerøysting om kommunesamanslåing	054/16	Alkoholpolitisk handlingsplan 2016 - 2020.
011/16	2. gongs handsaming av Bustader - Sentrumsbygget	055/16	Meldingar
012/16	Meldingar	056/16	Etablering av Vestlandsregion. Høyring
013/16	Rådgjevande folkerøysting - fullmakt til valstyret	057/16	Nærpolitireforma 2016-2020.Høyring.
014/16	Meldingar	058/16	Lenging av avtale med Helse Bergen
015/16	Energi- og miljøplan Ulvik herad 2016-2020	059/16	Løyving av midlar til Osa kai reperasjon
016/16	Vilkårsrevisjon Eidfjord-Nord	060/17	Meldingar
017/16	Ung jobb 2016	061/17	Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Ulvik herad
018/16	Søknad Tour des Fjords 2016	062/17	Cruise Destinasjon Hardangerfjord - ny prosjektperiode 2017-2019

019/16	Delegasjonsreglement for Ulvik herad 2016-2019	063/17	Hardangerviddatunnelene AS - Søknad om driftstilskot for 2017
020/16	Reglement for Ulvik herad 2016-2019.Revisjon	064/17	Olav H.Hauge-senteret - Søknad om driftsmidlar for 2017
021/16	Personalpolitiske retningsliner - revisjon	065/17	Ulvik Næringslag - driftstilskot 2017
022/16	Møtegodtgjersle for folkevalde i Ulvik fjellstyre	066/17	Gebyrforskrift IHM 2017
023/16	Brunskogsnigel i Ulvik	067/17	Prosjekt ny sjukeheim i Ulvik - komiteinnstilling.
024/16	Årsmelding og rekneskap for Ulvik frivilligsentral 2015	068/17	Økonomiplan 2017-2020 og budsjett 2017.
025/16	Ymse val 2015 - 2019	069/17	Økonomireglement for Ulvik herad
026/16	Ledig stilling som rådmann	070/17	Intensjonavtale med kommunane- Vidareføring av tenestene i BRB
027/16	Lovfesting av ungdomsråd - fråsegn	071/17	Plan for forvaltningsrevisjon Ulvik herad 2016-2020
028/16	Meldingar	072/17	Plan for selskapskontroll perioden 2016-2020
029/16	Uttale om - rullering av Hordaland fylkeskommune sin Skulebruksplan 2017-2030	073/17	Årsmelding 2015 for kontrollutvalet i Ulvik herad
030/16	Introduksjonsprogram flyktingar. Kjøp av tenester	074/17	Høyringsuttale til konseptutvalutgreiing (KVU) Rv.7 og Rv.52 Gol- Voss.
031/16	Årsmelding og rekneskap 2015	075/17	Kronerulling- sak om eigedomsskatt på nettanlegg til høgsterett
032/16	Godkjenning av rådgjevande folkerøysting 2016	076/17	Lærlingar
033/16	Kommunestruktur	077/17	Ny handsaming av vegadressenamnet Hakastadvegen
034/16	Konstituering av rådmann	078/17	Busetting av flyktingar.
035/16	Løyving av ekstra midlar til vegvedlikehald	079/17	Møteplan 2017
036/16	Selskapskontroll med forvaltningsrevisjon Hardangerrådet IKS	080/17	Val av leiar og nestleiar til klagenemnda for utskriven eigedomsskatt
037/16	Interkommunal legevakt, Vertskommuneavtale med Voss		
038/16	Framlegg til kommunal planstrategi - Ulvik herad 2016 - 2020		
039/16	Forslag til etablering av fredingszone for hummar		

040/16	Søknad om løyve til bruk av snøskuter i samband med åting på Rallarvegen, Finse-Lågheller		
041/16	Kommunedelplan for vatn, avløp og miljø for Ulvik herad 2016-2023		
042/16	Vedtak av reglement for bruk og leige av fleirbrukshallen og Brakanes skule		
043/16	Val av lagrettemedlemmer, meddommere og skjønsmenn 2017-2020		
044/16	Meldingar		